



Målmannen frå Europa

I år er det 170 år sidan Arne Garborg vart fødd. Gudleiv Bø skriv om korleis han har påverka oss.

SIDE 10–13

Foto: Randi Indrebø / NRK



Mor Magni

Nynorskstrategen Magni Øvrebotten går av etter over 40 år i NRK. Ho ser seg nøgd attende.

SIDE 4–7



Etterlyser nynorsk

– Det er for få nynorsk-tekstar i norskøkene for vgs, meiner Espen Tørset. Han får svar av Gyldendal.

SIDE 14–15

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 3
juni 2021

Det litterære vegskiljet

Tore Renberg er godt nøgd med å vera både høg- og lågkulturell. Kanskje ikkje så rart at han byrja å skriva på nynorsk?

SIDE 18–19



FOTO: INGEBORG SKRUDLAND

Resultata som uteblir

NT Magni Øvrebotten fortener alle mogelege lovord for innsatsen ho har lagt ned for nynorsk i NRK gjennom eit heilt arbeidsliv. Ho er likevel forsiktig med å la Nynorsk mediesenter få æra aleine for NRK sine nynorskframsteg. Det er nok klokt, for det krevst «two to tango». Minst. Når NRK i 2019 gredde kravet om 25 % nynorsk for fyrste gong på 50 år, er det fordi nokon vil at det skal skje. Og nokon er fyrst og fremst leiing i kanalen.

NT Ein skal ikkje overdrive utviklinga i NRK, for i 2020 var dei tilbake til gamle synder med under 25 %. Men ei positiv utvikling viser likevel at noko har skjedd. «Det er ikkje rom for å dyrke eigne nynorskfordommar i redaksjonane lenger,» meiner Øvrebotten.

NT Der NRK har teke eit visst grep, sviktar andre. Mangel på overordna styring og kontroll gjer at viktigare sektorar ikkje får det til. I utdanningssektoren sit det til dømes mange folk i viktige posisjonar som ikkje lyftar ein finger for at kvardagen skal bli likare for nynorsk- og bokmålselever, anten det gjeld lærarutdanningane eller det statlege eller kommunale byråkratiet. Konsekvensane av å gje beng er som regel ingenting.

NT Dei manglande resultata dette vanstyret fører til, er ikkje så synlege når resultata «berre» blir overgang til bokmål i ein krins fordi lærarane ikkje kan nynorsk, eller mangel på digitale læremiddel fordi skuleleiaren aldri skjønna kvifor det var så viktig. Då offar og akkar me oss litt og gløymer diverre at «itj nå kjem tå sæ sjøl», heller ikkje når resultata uteblir.

NT I år er det valår. Då er det all grunn til å ofre nynorsken ein tanke før ein legg røystesetelen i urna.

ASTRID MARIE GROV

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Astrid Marie Grov,
astrid.grov@nm.no,
tlf. 23 00 29 32

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no



Stortingsvalet til hausten må ta oss nærmere reell **språkleg jamstilling** i Noreg.

Draum om hā

MED DEN NYE språklova har det offentlege no eit lovfesta ansvar for å fremje nynorsk, som det minst brukte av dei to norske skriftspråka. Det opnar eit nytt kapittel i norsk språkhistorie. Språkpolitikken må i åra som kjem aktivt favorisere og forskjellsbehandle nynorsk. Berre slik kan det bli like lett å vere nynorskbrukar som bokmålsbrukar.

DEI SISTE ÅRA har vi i Noreg Mållag jobba mykje for at dei politiske partia som stiller til val i haust, har mest og best mogleg politikk for nynorsken i programma sine.

HOVUDKRAVA VÅRE VAR desse:

- ▶ Nynorsk og bokmål må vere reelt jamstilte skriftspråk i Noreg.
- ▶ Vi må halde på og styrke sidemålsordninga.
- ▶ Vi må innføre språkdelte ungdomsskular.
- ▶ Vi må sikre at elevar får digitale læremiddel og kontorstøtteprogram på nynorsk.
- ▶ Lærarutdanningane må sikre gode nynorskklærarar.

NT LEIARTEIGEN



PEDER LOFNES HAUGE
leiari i Noregs Mållag

EG ER GODT nøgd med gjennomsлага. Dei fleste partia har i større eller mindre grad omtalt dei fleste krava. På nettsidene våre har vi skrive om og kommentert alle programma.

KVEN SOM SKAL sitje rundt Kongens bord, er sjølv sagt uvisst, men éin ting er sikkert: Ei regjering som ikkje har omsut for heile det norske språket, kan ikkje vere ei regjering for heile Noreg. Sjølv om ein raudgrøn opposisjon stod klar til ytterlegare å skjerpe den nye språklova, er Stortingets vilje klar: No skal nynorsken styrkast.

NOKO AV DET siste kunnskapsminister Guri Melby (V) gjer før valet, er å leggje fram regjeringa sitt forslag til ny opplæringslov. Dette er venta å skje i august. Den nye lova må sikre at

Endeleg, for ti år sidan, lærte eg eit siste språk gjennom sjakken: nynorsk!

**Sjakkomentator Atle Grønn
i Dag og Tid**

Høgre vedtok at dei vil vurdere om normeringa av nynorsk og bokmål bør flyttast ut av Språkrådet. Det er circa verdas verste idé. Språka er vårt fellesige. Det bør ikkje vere private akademi (e.l.) som styrer normeringa av dei. Styrk heller Språkrådet, seier no eg!

@jenskihl på Twitter

Jeg var sånn terningkast to interessaert i nynorsk. Da jeg leste «Kimen» [av Tarjei Vesaas] skjønte jeg plutselig hvor mye språket har si for det som formidles.

**Magne Furuholmen
i Gudbrandsdalen Dagningen**

– Det er ein honnør til nynorsken, og det er ikkje ofte nynorske når opp i slike samanhengar.

**Kjartan Hatløy
om å få Dobblouprise**

Hadde de sagt det til meg for nokre år sidan at eg ein dag skulle motta denne prisen, så ville eg svart de måtte reise lenger ut på landet. Eller heilt opp i dalen. Men slik blei livet. Brått ein dag fann eg eit nytt språk å leve i, å forske i, å puste i, å krangle i, å kjempe i, og det språket var både elskeleg og tøft, det bar på kraft og det bar på det mjuke: Det var nynorsk.

**Tore Renberg på Facebook
om å få Nynorsk litteraturpris
for Tollak til Ingeborg**

– Det virker som om overgangen til nynorsk har forløst noe i Tore Renberg. At en som opprinnelig skriver bokmål, får nynorskpris, er likevel ekstra imponerende.

**fylkesordførar i Rogaland
Marianne Chesak**

– Ny innkalling kom i februar og da prøvde jeg ut sivil ulydighet. Det var rett og slett at jeg nektet å svare på det elektroniske bokmålsskjemaet som de ønsket at jeg skulle bruke.

**Heimevernssoldaten
Erlend Trones i VG om at han ikke
svara på øvingsinnkalling etter å
ha blitt tilskrivven på bokmål i ti år,
i strid med mållova**

– Her har Forsvaret brukti år på en sak som de har plikt til å løse raskt, og som de kunne løst raskt hvis de hadde vilje til det. Vi ser ikke vilje til å følge loven her.

**Språkdirektør Åse Wetås
om at Trones ikke har fått
innkalling på nynorsk**

Det flaueste som finnes? Når noen sier noe til meg på sin egen dialekt, og jeg ikke hører hva de sier, og de velger å gjenta det på riksmål.

@elinestrange på Twitter



austen

nynorskelevane får ei like god lese- og skriveopplæring som bokmålselevane. Dei må få rett til å gå i eigne nynorskklasser på ungdomsskulen og den same retten til og tilgangen på digitale læremiddel.

I SAMBAND MED valkampen har eg møtt dei ulike partileiarane for å snakke om nynorskpolitikken dei går til val på. Då eg snakka med Guri Melby i juni, sa ho dette om nynorskelevane: [Dei må få same høve som bokmålselevane] «både til å lese stoff på sitt eige språk, til å bruke digitale læremiddel, til å få undervisning i språket sitt i klassen, anten dei går på barneskulen eller på ungdomsskulen».

OM VI SKAL tolke dette som ein lekkasje, er det all grunn for rekordmange medlemmer av Noregs Mållag å gle seg til august. Mållaget er i vinden. I fjor hadde vi det høgste medlemstalet på 32 år og passerte fjorten tusen medlemmer. I dag ligg vi allereie om lag 1000 medlemmer framom same tidspunkt i fjorårets rekordår. Hugs å betale kontingensten, og verv vene og kjende. Med fleire i medlemmer i ryggen aukar sjansane våre for gjennomslag.

MIN DRAUM ER at denne hausten skal bli ein ny vår for nynorsken.

*Ei regjering som ikkje
har omsut for heile
det norske språket,
kan ikkje vere ei
regjering for heile
Noreg.*



«Spor som aldri blir viska vekk.» «Mor Nynorsk.» Lovorda sat laust då NRK-legenda **Magni Øvrebotten** takka for seg.

– Nynorsk mediesenter har lykkast betre enn eg våga å håpe, seier ho.

Legenda Øvrebotten

– NRK sin fremste nynorskstrateg går av

11. JUNI VAR ein aldri så liten æra over i Ny-Noreg. Då vart Magni Øvrebotten takka av etter nesten eit heilt arbeidsliv som leiar i NRK, dei siste 17 åra for NRK Nynorsk mediesenter.

For ein del er Magni Øvrebotten eit ukjend namn. Men det finst knapt nokon i medienoreg som har trekt i så mange strategiske nynorsktrådar som henne. Ho har gjort distriktskontoret til NRK i Førde til eit nynorskflaggskip, og ikkje minst ein sterk og konsekvent leverandør av meir nynorsk til heile NRK. For innsatsen har ho mellom anna fått Målprisen frå Noregs Mållag.

I det gamle «fjordafylket» er Øvrebotten nesten for ei legende å rekne, som tidlegare redaksjonssjef og distriktsredaktør i NRK Sogn og Fjordane gjennom to tiår til saman. Ho har vore urokkeleg og uredd i kampen for at folk i distrikta skal få tilgang til kvalitetsjournalistikk, og for at nyheiter frå Sogn og Fjordane skal høyrast og synast for både oslomakta og resten av landet. I dette engasjementet har arbeidet for nynorsken hørt naturleg heime. Magni Øvrebotten er eit levande døme på at «det eitjnå som kjem tå sæ sjølv.»

– Det vart kalla førdeskulen, det vi starta opp den gongen, og den vart sjølve grunnlaget for Nynorsk mediesenter. Eg hadde då som no ei usvikeleg tru på metoden «lære ved å gjere».

«Du har sett så tydelege spor etter deg. Både i NRK, samfunnet elles og i oss alle. Dei kjem aldri til å bli viska vekk,» sa regionredaktør i NRK Vestland Rune Møklebost i takketalen. «Mor Magni,» heitte det frå praktikantane.

Framtidige nynorskjournalistar

Magni Øvrebotten si språkstrategiske handlekraft skaut for alvor fart då ho vart distriktsredaktør i Førde i 1990. Den gongen var nynorskprosenten i NRK lågare enn lågast, og dei spede forsøka til leiinga i Oslo hjelpte ikkje. Ho tok difor initiativ til å hente inn talentfulle journalistemne nærest frå gata og setje dei rett inn i redaksjonen. Hovudføremålet var å rekruttere journalistar som kunne bidra til meir nynorsk og dialekt i NRK.

– Det vart kalla førdeskulen, det vi starta opp den gongen, og den vart sjølve grunnlaget for Nynorsk mediesenter. Eg hadde då som no ei usvikeleg tru på metoden «lære ved å gjere». Vi såg rett og slett etter lokale dialekt- og nynorskbrukarar som hadde det vi meinte skulle til for å bli gode journalistar. Solveig Barstad, som no er programleiar i

TV 2 hjelper deg, hadde til dømes sommarjobb på sentralbordet før vi spurde om ho ville prøve seg i redaksjonen.

Og Barstad er ikkje den einaste som har gjort nasjonal journalistkarriere etter å ha hamna under vengjene til Magni Øvrebotten. Ingunn Solheim, Håkon Haugsbø, Morten Sandøy og Kristi Marie Skrede har alle teke til i NRK Sogn og Fjordane.

På slutten av 1990-talet ville leiinga i Førde få på plass ei meir formalisert og varig ordning for å rekruttere fleire journalistemne og sikre nynorsk gode kår i NRK. Men det kravde støtte frå sentralleiinga i Oslo, som ikkje var interessert.

Rett etter årtusenskiftet skulle høvet likevel by seg til å få fart på saka. Då ville NRK-leiinga slå saman distriktskontoret i Sogn og Fjordane med NRK Hordaland, leidd frå Bergen, som eit ledd i ei større omlegging av distriktskontora. Men det skulle bli over Magni Øvrebotten sitt lik. Ho frykta både for endå mindre nynorsk i NRK og for at kontoret i Førde skulle bli eit husmannsbruk. Og ho såg at etableringa av Nynorsk mediesenter var den perfekte brekkstonga.



MOT TIL Å MEINE: Magni Øvrebotten kan sjå tilbake på over 40 år – med nokre kampar – i NRK. – Eg er kjend for å vere tydeleg, og eg meiner det har vore ein styrke, seier ho.

Foto: NRK Nynorsk mediesenter



STRAMMA OPP: – Eg er luta lei kvinnfolk som spring i 8.-marstog og krev posisjonar for kvinner, men som syner til eit mannfolk så snart høvet býr seg for ein leiarjobb, sa kringkastingssjef Einar Førde til Magni Øvrebotten då ho nølte då han bad henne søkje på stillinga som distriktsredaktør. «Han trefte innertiar med den salven», har ho uttala. Her er dei to i lag i Førde på 1990-talet.

Foto: Terje Eggum

– Det er nok den tøffaste kampen eg har teke i løpet av karrieren. Så lenge vedtaket ikkje var gjort, var eg ikkje redd for seie akkurat kva eg meinte om saka. Eg sette alt inn på at vi skulle halde fram som eige distriktskontor, og at Nynorsk mediesenter skulle opprettast. Og eg var

budd på å tape og trekkje meg frå stillinga, seier ho.

Det var svært nære på. I 2002 gjorde styret i NRK vedtak om samanslåing, men møtte uventa hard motstand frå kulturminister Valgerd Svarstad Haugland. Som statsråd valde ho å setje foten ned for vedta-

ket, noko som skjer svært sjeldan.

– Eg trur det blir fyrste og einaste gongen at kulturministeren stoppa eit styrevedtak i NRK på direkten i Dagsnytt 18. Ho hadde lenge vore interessa i å få opp den låge nynorskprosenten i NRK, og nyttet det høvet ho fekk.

Øvrebotten er klar på kor viktig mediesenteret har vore som argument for å ha eit eige distriktskontor i Førde.

– NRK Sogn og Fjordane hadde aldri overlevd som sjølvstendig distriktskontor den gongen hadde det ikkje vore for at Nynorsk mediesenter stod på spel. I dag er kontoret slått saman med Hordaland. Det likte eg ikkje at skjedde, men når politikarane slo saman fylka, gjekk det den vegen. Det synest eg framleis er trist. No må NRK Vestland syte for at NRK-kontoret i Førde held fram med å vere ein god lærestad for nynorsk og nyhende, slik at Nynorsk mediesenter får den hjelpe dei treng i opplæringa og utviklinga av senteret.

Tydelege tilbakemeldingar
Hausten 2004 opna Nynorsk mediesenter, og Magni Øvrebotten fekk «sjølv sagt» jobben som dagleg leiar.

– *Det har vore ein kvalifikasjon i seg sjølv å ikkje vere vestlending. Eg har stått hardt på at vi skal vise at nynorsk er eit språk for heile landet.*



HEIDRA: I 2018 fekk Magni Øvrebotten Målprisen av Noregs Mållag på landsmøte i Vinje, i lag med Oddny Miljeteig (t.v.) og Olaug Nilssen.

Foto: Noregs Mållag

– Eg har aldri kjent meg så godt kvalifisert for ein jobb som eg gjorde den gongen.

Senteret er eit fast, strategisk tiltak for å få fleire nynorskbrukande journalistar til NRK, med 10 praktikantar i året som får løna opplæring. «Ein hestekur i journalistikk», kallar Øvrebotten den seks månader lange opplæringa, der praktikantane blir kasta inn i redaksjonen etter berre to månader med førebuing. Oppfølginga er tett, og tilbakemeldingane mange og tydelege. Praktikantane frå Førde skal korkje skjemme ut seg sjølv eller Nynorsk mediesenter, og Magni Øvrebotten er ikkje redd for å stille krav.

– Som journalist må ein vere budd på tydelege tilbakemeldingar, og det får praktikantane her. Somme eignar seg ikkje som journalistar og må få vite det. Dei kan vere dyktige folk og eigne seg til mykje anna, men noko av det verste du kan gjøre mot folk, er å la dei gå i yrke dei ikkje eignar seg for.

Forventningane frå NRK-redaksjonane er store, særleg når det gjeld språk, fortel Øvrebotten.

– Dei ventar at praktikantane er språksterke. Godt og rett språk har blitt særleg viktig etterkvar som nettet har teke meir og meir over for radio og TV. Dessverre er det langt mellom dei praktikantane som er ordentleg språkleg stødige, så vi har lagt meir og meir vekt på språktesten i rekrutteringa.

Den geografiske spreiainga blant praktikantane har vore viktig for Øvrebotten. Og det er ikkje til å stikke under stol at det har vore utfordrande å få tak i praktikantar utanfor vestlandsfylka. Difor har så godt som alle ikkje-vestlendingar som har søkt Nynorsk mediesenter, kome inn til intervju.

– Det har vore ein kvalifikasjon i seg sjølv å ikkje vere vestlending. Vi kunne utan problem tilsett fem vestlendingar på kvart kull, men eg har stått hardt på at vi skal vise at nynorsk er eit språk for heile landet. Somme vil nok meine at eg har vore for opphengt i det.

Magni Øvrebotten er klar på at ho krev nynorsk- og dialektbruk av praktikantane, uansett kvar dei kjem frå.

– Det nyttar ikkje å kome til Nynorsk mediesenter og snakke det eg kallar flatt austlandsk. Så om praktikantane har lagt av seg dialekten sin, må dei hente han fram att.

Tidleg i karrieren var Magni Øvrebotten ein dialektforkjempar, på alle flater og i alle program. Men språksynet hennar har endra seg litt med åra.

– Som leiar for Nynorsk mediesenter har eg rådd praktikantane til å halde godt tak i det normerte talemålet. Særleg i nyheitssendingsane er eg ein svoren tilhengjar av normert nynorsk, for det kjem både publikum, journalistar og nynorsken til gode. Mange av praktikantane er opptekne av å snakke dialekten sin, men det å snakke dialekt konsekvent er gjerne vanskelegare enn å bruke norma.

– Gått betre enn eg hadde våga å håpe

Suksesen til Nynorsk mediesenter måler Magni Øvrebotten i kor mange av praktikantane som framleis jobbar i media. Talet ligg no på 56 %, og i ein beintøff mediebransje er ho godt nøgd med det.

– Eg er ein klassisk sunnfjording som ikkje er så optimistisk av meg, så eg må seie dette har gått mykje betre enn eg hadde våga å håpe på. Eg hadde stor sjølvtillit på at vi var i stand til å lære opp nynorskbrukande journalistar i Førde, for det



SISTE DAG: Magni Øvrebotten på siste arbeidsdagen i juni 2021, i lag med arvtakar ved Nynorsk mediesenter Rune Fossum Lillesvangstu (t.v.) og regionredaktør i NRK Vest Rune Møklebust.

Foto: NRK Nynorsk mediesenter

hadde vi jo allereie gjort i mange år, men eg hadde ikkje våga tru at så mange skulle få seg fast jobb i media.

Øvrebotten meiner endå fleire av

praktikantane hadde hatt potensial til å bli gode journalistar.

– Eit sårt punkt for meg er den ganske store gruppa på kring 20 %



MÅLET NÅDD: På opninga av Nynorsk mediesenter i Førde 2. september 2004, med dåverande kulturminister Valgerd Svarstad Haugland og det første kullet med praktikantar. F.v. Inger Johanne Sæterbakke, Svein Ove Hansli, Knut Åge Teigen, Eli Bjelland og Maria Rivedal.

Foto: Arild Nybø / NRK

– Som leiar for Nynorsk mediesenter har eg rådd praktikantane til å halde godt tak i det normerte talemålet.

som har hamna i ymse språk-, informasjons- og reklamejobbar. Ein del av dei er flinke folk som burde vore i media i staden, men dei har berre ikkje vore på rett plass til rett tid.

I 2019 nådde NRK kravet om minst 25 % redaksjonelt stoff på nynorsk, for fyrste gong på 50 år. Men Magni Øvrebotten nøler med å gje Nynorsk mediesenter all æra for det.

– Det er klart NRK har eit godt grunnlag i dag med alle dei folka vi har sendt ifrå oss. Men eg trur mykje òg handlar om at det i større grad har blitt eit fellesansvar no enn det har vore før. Kringkastingssjefen har sagt tydeleg ifrå om at kraft skal nåast, og nynorskdelen er blant det redaksjonsleiarane no blir målte på. Det er ikkje lenger rom for å dyrke eigne

nynorskfordommar ute i redaksjonane, slik eg meiner mange har gjort før. Men skal nynorskprosenten bli stabil på minst 25 prosent kvart år, må NRK tilsette nynorskbrukande journalistar som vil bruke språket sitt.

Magni Øvrebotten overlèt jobben som leiar for Nynorsk mediesenter til tidlegare flaglarar Rune Fossum Lillesvangstu. Ho er ikkje i tvil om at ho etterlèt seg ei velflytande skute.

– Eg er heilt sikker på at Nynorsk mediesenter er i gode hender. Og eg er uansett ikkje i tvil om at det er rett å gje seg som 67-åring. Ingen skal måtte bere meg ut.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

Journalisten har vore praktikant ved NRK Nynorsk mediesenter.

Tre om Magni:

RAGNHILD BJØRGE, tidlegare nynorskpraktikant og språksjef i NRK, no redaksjonssjef i Khrono:

Magni Øvrebotten. Det kling respekt av namnet. Ein sterk vestlandsk mālvind. Ho gjev deg ryggstø når du møter motvind. Er som ein varm fönvind når ting går godt, men kan snu til ein illsint storm når det trengst. Magni kastar deg på brådjupt vatn. Og du sym. Og ho veit det. Alle som har fått ein sjanse av Magni, rettar seg i ryggen når dei ser henne. Stolte, og fylte av ei blanding av kjærlek og ærefrykt. Alle som har fått kjeft av Magni, rettar nok òg ryggen når ho kjem. Få har gjort meir for nynorsk i etermedia enn Magni. Takk for sjansen, for samarbeidet og venskapen.

ERIK BERG-HANSEN, tidlegare leiar for distriktsdivisjonen i NRK:

Jeg husker Magni som en fargekstatt i kollegiet av distriktsredaktører. Uredd, frittalende og ikke minst engasjert. Dette var viktige egenskaper hun fikk bruk for i kampen for å berge hjertebarnet sitt NRK Sogn og Fjordane i 2003.

Under Magnis ledelse skårté NRK Sogn og Fjordane alltid høyt på de fleste områdene kontoret ble målt på, og lytteroppslutningen om distriktsendingene var blant landets aller høyeste. I nyhetsredaksjonene på Marienlyst var vaktsjefene samstemte om at en reportasje fra distriktskontoret i Førde alltid borget for kvalitet. Produksjon av barne-TV på nynorsk og selvsagt etableringen av Nynorsk mediesenter bekrefter bare inntrykket av et distriktskontor som kanskje var det aller flinkeste barnet i klassen på Magni Øvrebottens vakt.

ÅSMUND BERTHESEN, ektemann:

Magni er klar og tydeleg i det ho meiner, står for, og vil. Klarast er ho på det ho ikkje vil. Ho er prinsippfast, på fråhald, på nynorsk, og i det å seie nei til å halde 17.mai-tale!

Ho har vore som ei mor for mange, både for medarbeidarane i NRK, og for praktikantane ved mediesenteret. Som mor har ho vore bestemt og seier frå og har grenselaus omsut for dei som er rundt ho, både i heimen og i arbeidet.

Mange nynorskvenner

Fleire politiske parti går til val på meir **nynorskvenlege arbeidsprogram** enn før.

– Eg vil særleg gje ros til Arbeidarpartiet, seier leiari i Noregs Mållag Peder Lofnes Hauge.

ALLE PARTIA HAR no lagt fram programma dei går til val på, og mållagsleiari Peder Lofnes Hauge meiner målfolket har mykje å gle seg over.

– Forpliktar Venstre

– På venstresida og i det politiske sentrum står alle partia opp om den målpolitiske kampen – i større eller mindre grad. Det er viktig for oss.

Lofnes Hauge vil særleg trekkje fram Arbeidarpartiet, som han meiner har hatt ei positiv utvikling på nynorskfronten.

– Arbeidarpartiet har tidlegare vore temmeleg nøkterne i støtta si til målsaka. I år er partiet tydeleg på at vi treng ein politikk som står opp om det minst brukte norske skriftspråket, og har fleire gode tiltak. Dei har også vist det same engasjementet under arbeidet med språklova, og det gjer at partiprogrammet er truverdig.

Mållagsleiaren gjev også ros til Raudt, som har programfest at jamstillinga mellom nynorsk og bokmål bør grunnlovsfestast.

– Dette standpunktet tyder at Raudt tek den norske måljamstillinga på alvor.

I det politiske sentrum markerer både Venstre, Senterpartiet og Krf seg med gode nynorskprogram.

– Det er venta at kunnskapsministeren legg fram ei ny opplæringslov. Dette pro-

grammet forpliktar Venstre til å presentere ei god lov for nynorskelevane.

Svak framgang for Høgre

Også på høgresida av den politiske aksen er det framgang å spore, meiner mållagsleiaren.

– Høgre vil ikkje lenger avvikle obligatorisk sidemålsundervisning, og det er bra. I tillegg har partiet no programfest at dei ønskjer å «bygge opp under begge målformene som hovudmål».

Han er likevel ikkje heilt overtydd over «omvendinga» til partiet.

– Programmet til Høgre inneholder ikkje eit einaste positivt tiltak for nynorsk og nynorskelevane. Derimot vil partiet gå bort frå eigen sidemålskarakter i norskfaget i vidaregåande. Det finst ikkje noko som tyder på at det siste styrker hovudmålslæringa til elevane, og det hadde vore enklare å tru på kunnskapspartiet Høgre om dei gjekk inn for tiltak som faktisk har effekt.

Framstegspartiet er det einaste partiet som går til val på å svekkje nynorsken.

– Frp skriv i programmet sitt at dei vil «ivareta norsk kultur og kulturarv». Men i praksis står partiet fram som eit kulturlaust parti utan interesse for språkleg likeverd og språklege tradisjonar, meiner Hauge.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@mm.no

POSITIVE TAKTER: – SV utmerker seg aller mest, med eit program som nesten kunne vere teke ut av arbeidsprogrammet til Noregs Mållag, meiner mållagsleiari Peder Lofnes Hauge.

Foto: Noregs Mållag



– Nyheitssendingane er siste skanse der folk kan høyre korrekt nynorsk

Leiaren i Noregs Mållag meiner NRK må passe på så dei ikkje hòlar ut praksisen med **normert språk** i stor grad ved å tillate meir dialektbruk i nyheitssendingane.

– FOR MÅLLAGET er det viktig at innbyggjarane får høyre korrekt nynorsk, og det gjer ein altfor sjeldan. NRK har ansvar for å løfte fram normert tale, og det er viktig at dei tar med det vidare inn i framtida, seier leiari i Noregs Mållag Peder Lofnes Hauge til Nynorsk pressekontor.

I *Aftenposten* hevda preses i Det Norske Akademi for språk og litteratur Nils Heyerdahl at programleiarane på Dagsrevyen ikkje bør snakke dialekt. Han meiner det normerte bokmålet og den normerte nynorsken blir vatna ut, og samanliknar med andre land

som Frankrike og Tyskland, der dei snakkar normert. I saka får han langt på veg støtte frå leiaren i Noregs Mållag, som også meiner normert språk bør vere hovudregelen på Dagsrevyen. Hauge er mest uroa for at nynorsk ikkje blir nok representert.

Unntak

Hovudregelen i NRK er at programleiarane på Dagsrevyen skal snakke anten normert bokmål eller nynorsk, men redaktørane kan gjøre unntak dersom ein programleiar søker om det. I oktober i fjor fekk journalist Eline Buvarp Aardal, som skriv nynorsk, lov å snakke trøndersk i nyheitssendingane på permanent basis etter å ha gjort det i ein prøveperiode. Ingerid Stenvold, som er fast nyheitsanker, var den første som fekk lov å bruke dialekta si på Dagsrevyen, i 2009. Stenvold har bokmål som skriftspråk.

– Dette er vurderingar NRK må

gjere. Dersom ein får eit unntak, så gir jo det eit enormt språkpolitisk ansvar til dei som får snakke dialekt i riksdekkjande program. Men det er bekymringsverdig dersom det set oss i ein situasjon der nynorsk normert daglegtale i Dagsrevyen kviler fullt og heilt på Ingvild Bryn. Det er så viktig at innbyggjarane får høyre korrekt nynorsk, og det bør NRK definitivt sørge for i tida som kjem, seier Hauge.

Han meiner det er kjempebra at dialekt har fått større plass i pressa og media og offentleg, men at det er ein siger for dialektmangfoldet heller enn for nynorsken.

– Riksdekkjande nyheitssendingar bør bruke normert språk som ein siste skanse der innbyggjarane kan høyre korrekt nynorsk, seier Hauge.

Særstilling

– Kvifor er det viktigare i Dagsrevyen og nyheter enn på andre flater?

– Dagsrevyen er eit av dei absolutt viktigaste nyheitsprogramma i Noreg, med riksdekkjande nynorsk på statskanalen. Så NRK står jo i ei særstilling. Når dei gjev dispensasjon, må dei passe seg for at dei ikkje hòlar ut praksisen i stor grad, sånn at ein ikkje får høyre nynorsk, meiner Hauge.

Språksjef i NRK Karoline Riise Kristiansen skulle gjerne sett at det var ei jamn fordeling mellom nynorsk og bokmål i Dagsrevyen.

– Eg synest absolutt Hauge har eit poeng. Men det er ikkje slik at dialekt skal ta over normert nynorsk i NRK. Det skal vi jobbe vidare med òg. Og vi skal sjølv sagt ha både normert nynorsk og bokmål i Dagsrevyen, også i framtida, seier Kristiansen til NPK.

Ho peikar på at NRK har både overordna språkreglar og retningslinjer for bruk av dialekt.

blant partia



FORSVARAR NORMALTALEN: – Det er så viktig at innbyggjarane får høyre korrekt nynorsk, og det bør NRK definitivt sørge for i tida som kjem, meiner leiar i Noregs Mållag Peder Lofnes Hauge.

Foto: Jannica Luoto

– Vi er «frå heile landet, til heile landet», og det å spegle dialektmangfaldet er ein like naturleg del av språkoppdraget som det at vi skal bruke offisielt nynorsk og bokmål.

Ho meiner at om du er dialektbrukar eller snakkar normert, er det aller viktigaste at folk forstår deg.

– Alle tilsette jobbar med språket

sitt. Men om du skal vere dialektbrukar, krev det enno meir av deg enn om du snakkar normert. Det skal ikkje vere for lokale dialektord, og det skal vere forståeleg for alle. Det aller viktigaste er å formidle bodska-pet på ein korrekt og god måte, seier Kristiansen.

NPK

NT LANDEI RUNST

NY LEIAR I HJARTDAL: Anette Langåsdalen Melby (29) er vald til ny leiar i Hjartdal dialekt- og mållag.

«VI PREKAS!»: Tidlegare leiar i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn, er vald til ny leiar i Fredrikstad Mållag. Han tek over for kona, Marit, som har leia Fredrikstad Mållag i 14 år!

LITEN M I OSLO: På årsmøtet sitt 21. april, vedtok Oslo mållag å endre skrivemåten på laget til å ha liten m i mållag.

MÅLPRIS TIL RUNAR GUDNASON: Diktar, artist og låtskrivar Runar Gudnason frå Ørsta har fått målpris frå Sunnmøre Mållag. Gudnason er mellom anna kjend som medlem av bandet Sidebrok. Han omsette òg teaterframrysninga Charlie og sjokoladefabrikken til nynorsk, som gjekk på det Norske Teatret.

NY LEIAR I STEINKJER MÅLLAG:

På årsmøtet 4. mai blei Øystein Lydik Idsø Viken (36) vald til ny leiar i Steinkjer Mållag. Han tek over etter Oddmund Utskarpen.

NY LEIAR I AURE MÅLLAG: På årsmøtet 23. mars vart Miriam Finset Ingvaldsen (34) vald til leiar i Aure Mållag. Ho tek over etter Kirsti Orheim Ås.

MÅLBLOME TIL KLASSEKAMPEN:

Oslo mållag har delt ut målblome til Klassekampen 12. mai i år. «Den får dei fordi avisar har ein sjølv sagt og naturleg bruk av nynorsk, på lik linje med bokmål. Vi meiner Klassekampen er med på å realisere jamstillingssvedtaket, som Stortinget vedtok på denne dagen i 1885», skriv laget i grunngjevinga.



Styret i Kvam Mållag, frå venstre: Astrid Farestveit Selsvold, Eirik Dyrøy Lotsberg, Nils Drage, Randi Jåstad (leiar), Dag Rune Mo, Karen Matthiessen (vara), Sjur Vågen, Svanhild Hjartnes (vara) og Anna Vandal.

NYTT STYRE I KVAM MÅLLAG: Kvam Mållag har fått nytt styre (biletet), og dei har mykje på tapetet. 3. juli blir det utdeling av den nyoppretta målpri-sen for bedrifter med kulturprogrammet «Vestlandet i ord og tonar» og i oktober blir det Blix-kveld i Norheimsund. Laget samarbeider òg jamt med biblioteket om tilskipingar og meir nynorsk lesestoff.

DET NYNORSKE FORSPELET:

9. juni skipa Herøy Mållag Det nynorske forspelet i Fosnavåg konserthus. Dette var dagen før Dei nynorske festspela starta i Ørsta, og dei hadde forfattarbesøk frå Anders Totland. Herøy Mållag vonar at dette kan verte eit årleg arrangement, som synleggjer mållagsarbeidet og løftar fram nynorsk i musikk, litteratur, arbeidsliv og kvardagsliv.

NY LEIAR I STRAND: Lars Fosså-skaret er vald til ny leiar i Strand Mållag.

KOR MYKJE VEG NYNORSK?

Sogndal Mållag stod på stand i Fjærland i høve 25-årsjubileet til Bok-byen, og fekk mellom anna vitjing av sjølvaste fylkesvaraordføraren i Vestland, Natalia Golis frå MDG. På standen hadde dei ein kopi av Norsk Ordbok, utgjeven i 1918 [1873], som

folk skulle gissee veka på. Dei som kom næraast «vekta til nynorsk» vann titlar frå Samlaget og Fingal.

SPRÅKBRUKSPLAN I SOGN DAL:

Sogndal Mållag inviterte også til digitalt møte om språkbruksplan i Sogndal kommune 3. juni. Medlem av Juristmållaget og assisterande statsforvaltar, Gunnar Hæreid, starta med å snakka om føremåls-paragrafen i språklova, og korleis denne kan fremja nynorsk.


NY LEIAR I SUNNMØRE: Ingebjørg Røyhus Øyehaug frå Ørsta er vald til ny leiar i Sunnmøre Mållag. Ho tek over etter Lisa Alvestad.

NY LEIAR I STEINKJER MÅLLAG:

På årsmøtet 4. mai blei Øystein Lydik Idsø Viken (36) vald til ny leiar i Steinkjer Mållag. Han tek over etter Oddmund Utskarpen.

«Han gjennomly

Ein jaer



ste norsk og europeisk historie klårare enn nokon»

smålåten bu frå Europa

Arne Garborg var ein av våre fremste intellektuelle – og den kanskje aller viktigaste målmannen vi har hatt. I år er det 170 år sidan han blei fødd, og **Gudleiv Bø** skriv her om korleis han har vore med på å forme oss.



Foto: Onar Vikingstad

FINST DET EIT liv etter døden for diktatar? Kan ein forfatterskap overleve? Korleis? For hundre år sidan – akkurat no denne våren – feira Norge eit litterært jubileum som var slik at knapt nokon har sett maken – Arne Garborg fylte 70 år! Alle aviser skreiv om jubilanten. Og sjølvsgart var den norske eliten på plass med taler og blomar heime hjå Arne og Hulda på småbruket Labråten i Asker. Men så kuppa sjølvne nasjonen heile festen! For Noregs Ungdomslag hadde halde ei landsomfattande pengeinnsamling; Garborg fekk svimlande 85 000 kr og ein hest! Som ei folkegåve frå einskildpersonar og lag over heile landet! Olav Midttun var formann i Noregs Ungdomslag og heldt tale: Pengane skulle vitne om «den kjærleik, godvilje, takksemd og høgvyrnad vi alle hyser for Dykk, og De skal gjennom dei kjenna dei varme hjarteslagi fraa heile folket som i dag bankar mot Dykk».

– Lydde medan andre tala

Kva for diktar opplever noko liknande? Kva var det med denne blyge mannen, som helst gøynde seg unna og lydde medan andre tala? Svaret må vere at han *skreiv* slik at han gjennomlyste norsk og europeisk historie klårare enn nokon; folk kjende seg att, han viste dei ting dei ikkje hadde lagt merke til før; derfor blei han hovding og symbol for ei folkerørsle.

Denne folkefesten viser oss ein diktar som verkeleg levde – *i medvitet til folket sitt* – i samtidia. Men har han overlevd? Han er ikkje lenger obligatorisk pensum i norsk skole. Der deler han rett nok lagnad med alle norske diktatar, for ingen konkret diktar er



UNGDOM: Arne Garborg i yngre dagar.

Foto: henta frå Arne Garborg : ein biografi av Tor Obrestad (1991)

nokre døme på korleis Arne Garborg bidrog til historia vår. Med mykje av innsatsen fekk han rett nok god hjelp av den meir praktiske kona si, Hulda; han var inspiratoren – *ho* sette ideane ut i livet.

Inspirerte ei folkerørsle til målsaka

Utan desse to ville neppe *nynorsk* ha nådd ei slik utbreiing som den har fått. Sjølvsgart var det Ivar Aasen som skapte nynorsk. Men på eiga hand nådde han ikkje veldig mange med ideane sine. Lenge var det bare ein krins av intellektuelle entusiastar som visste om han og let seg overtyde av ideane hans. No var det også meir allmenne straumdrag ute i Europa som stimulerte dei same ideane. Og i tillegg til Ivar Aasen var Aasmund Olavsson Vinje tidlegare ute enn Arne Garborg som vegbrøtar for nynorsk. Men det var Garborg som meir enn nokon annan makta å inspirere ei folkerørsle for målsaka. Det var han som vart hovding og symbol for «det nasjonale Venstre», og han var den ideologen som framfor nokon annan nådde fram til opinionsdannarane med ei prinsipiell politisk og pedagogisk grunngiving av Aasens idear.

Ein viktig grunn til at nynorsk overlevde, var sjølvsgart at den forløyste noko av den beste dikttinga vi har på norsk. Og Hulda og Arne Garborg, og «Tuften», sonen deira, hjelpte til å halde liv i diktatarne! Familien dreiv næraast eit sosialt kriesenter på småbruket sitt, Labråten i Asker, i dei første tiåra av 1900-talet; derfrå hjelpte dei mange unge diktatarar – mellom dei Rasmus Løland, Olav Nygard og Kristofer Uppdal.

Vi må heller ikkje gløyme at utan

*I det heile hadde Garborg
varme kjensler for dei
små og dei utstøytte
i samfunnet.*



FAMILIE: Med kona Hulda og sonen Arne Olaus, kalla «Tuften», i 1890. Paret fekk ikkje fleire barn.

Foto: Ola Andreas Stang Geelmuyden, Oslo Museum

trugsmålet frå den avanserande nynorsken i tiåra rundt 1905 ville vi kanskje ikkje ha fått *bokmålet* – i alle fall ikkje så raskt. Fram til rettskrivningsreformene i 1907 og 1917 hadde målfolka rett når dei hevda at vi bare hadde eitt skriftspråk i Norge som var norsk – og dét var nynorsken. Dei som ikkje skreiv nynorsk, skreiv dansk. Men når så reformene kom, må ein undre seg over at folk godtok dei så smertefritt! Truleg har angstn for målrørsla vore ein pådrivar. I *Riksmålsbevegelsens historie* (1999) skriv Lars Roar Langslet:

Målfolkets agitasjon mot «heimedansken» fant altså klangbunn i tidens sterke nasjonale lidenskap, og kom derfor til å ramme dypere, også i riksmålsleiren, enn de fleste riksmålsfolk ville innrømme utad. Den beste forsvarslinjen mot landsmålets ekspansjon måtte være å drive fornorskingen [av riksmålet] videre med enda større kraft, mente mange.

Så utan målrørsla hadde vi kanskje skrive dansk framleis? Eller nesten dansk? Slik Asbjørnsen og Moe og Ibsen og Bjørnson gjorde – dansk når det gjeld rettskriving og bøyingslære, men kanskje med «norvagismar» i ordval og setningbygging? Det ville strengt tatt ikkje ha vore så merkeleg; for dansk skriftmål ligg trass i alt temeleg nære norsk tale. Faktisk nærare norsk *tale* enn dansk tale! – Målørsla var altså med å gi oss *to* norske skriftspråk – nynorsk og bokmål – til erstatning for det eine danske. Og

Arne Garborg var både ei drivande kraft og eit symbol for den prosessen som førte oss hit. Slik gikk det til at Norge ikkje lenger deler skriftspråk med nokon annan stat, slik t.d. Belgia og Sveits gjør. Den norske språksituasjonen av i dag har altså ikkje komme av seg sjølv; det ligg medvite arbeid bak – utført av entusiastar – og Garborg var den allsidigaste av dei.

Bunad og Det Norske Teatret

Ein annan synleg arv etter ekteparet Garborg er at *bunaden* har vorte festplagg i alle samfunnslag og i bygd og by. I mange land finn ein «nasjonaldrakter» som gir berarane ei kjensle om kollektiv identitet. Men dei blir sjeldan nytta utan i samband med framsetningar av folkedans eller annan folklore. Utbreiinga av bunader i Norge er heilt spesiell. Og forklaringa er neppe bare nasjonale kjensler, men truleg vel så mykje ein slags «førmoderne» identifikasjon med bygde-Norge. Dette er nok delvis ein arv frå «det nasjonale Venstre» – der Hulda og Arne Garborg var leidestjerner.

Det same kan ein seie om *Det Norske Teatret*. Arne hadde ideen, men Hulda sette den ut i livet – til ustanskeleg sutring og svartsyn frå Arne! Men så gikk det bra likevel; han levde lenge nok til å få med seg ti-års-jubileet for Det Norske Teatret; og då var han både lykkeleg og overraska. I dag er det same teateret mellom dei største og beste i landet.

Tuktemeister og byggmeister

Nettopp dét kalla Garborg Henrik Ibsen i den hyllings-artikkelen han



ULIKE EKTEFELLER: Arne og Hulda Garborg var eit mektig par i norsk kulturliv rundt føre domar, avslører dagbøkene til Hulda.

skreiv til Ibsen på 70-årsdagen hans i 1898. Men denne tittelen høver vel så godt på Garborg sjølv! For Garborg var samstundes radikal, krass og konstruktiv. Og den «moderniseringsprosessen» Garborg stod oppe i, var smertefull og samansett. Det var karakteristisk for Norge at dei mest ihuga pådrivarane av denne prosessen oppfatta seg som «nasjonale», og særleg frå slutten av 1800-talet var dei venstreorienterte sosialt og politisk. Her var Arne Garborg ein sentral ideolog – jamvel om det var god draghjelp å få frå dei historiske omstenda: Overklassa hadde tette kulturelle band til Danmark, og kunne altså skuldast for å vere «heimedanskar»; embetsmennene måtte vere lojale mot svenskogen – dét kunne òg vere tvilsamt for venstrevridde demokratar.

I denne situasjonen vart Garborg ein effektiv forsvarar av underklassa. – I det heile hadde han varme kjensler for dei små og dei utstøytte i samfunnet. Dette møter vi t.d. i romanen *Hjå ho mor* frå 1886 og i diktringen

Haugtussa frå 1895. Men kjenslene for bondeklassen var ambivalente – frå desperasjonen over Enok Hove i romanen *Fred* (1893) til idealiseringa av Paal i Kvernhusheidi i skodespelet *Læraren* (1896) og dagbokromanen *Den burtkomne Faderen* (1899). Truleg var Garborg ein av dei stridaste forsvararane av bondens kår – samstundes som han var den som mest nådelaust raljerte over den norske bonden og «bondekulturen»! Då tenker eg først og fremst på den satiriske romanen *Bondestudentar* frå 1883, der det romantiske idealbildet av «den stolte norske odelsbonden» står fram i yndeleg karikatur. Også i artikkelen «Bondekultur» frå *Fedraheimen* i 1886 er han infam; han insisterer på at den norske bonden ikkje har nokon kultur, men bør og kan få det!

Og likevel – han fekk positiv respons frå dei han spotta – kan hende nettopp fordi han ikkje dyrka dei på fråstand; dei må ha kjent langt inn i sjela at han forstod dei – og så stilte krav til dei deretter. Refsinga førte ikkje til sjølvforakt hos dei som vart råka, men til sjølvkjensle. Det



århundreskifte, men samlivet var til tider vanskeleg og prega av to svært ulike personlegg-

Foto: Anders Beer Wilse/Nasjonalbiblioteket

må ha vore gjensidig kjærleik på botnen. Derfor den 70-års-festen han fekk oppleve! Denne grunnhaldninga skimtar vi i kritikken hans av Henrik Ibsens *Peer Gynt* frå 1876: Henrik Ibsen «(...) kjender ikke folket fra hjertesiden, og bliver derfor kold (...) satiren mister sin sande kraft fordi den mangler kjærlighedens grundlag». Sjølv synest eg nok han bommar på Peer Gynt-figuren, men sitatet fortel oss likevel noko viktig om kven Arne Garborg er.

Slik bidrog han til å forme den moderniseringssprosessen som Norge har gjennomgått i dei siste generasjonane. Han fekk også eit livsløp som fall slik at det spegla viktige etappar av moderniseringa. Han vart fødd inn i ortodoksi, sa han sjølv. Som ni-åring vart han fanga av pietismen – då far hans «omvende» seg og vart «frelst». Og som voksen utdanna han seg inn i opplysningsstida og vart ein av dei fremste talsmennene for det moderne gjennombrotet. Etter kvart utvikla han likevel kritisk distanse til moderniteten – slik han såg den utvikle seg i samtida. Likevel kan ein

hevde at Garborg – med sine 73 år – nådde å gjennom leve dei viktigaste fasane av den europeiske moderniseringsprosessen.

Viktigare i vår samanheng var det at han også makta å gjennomlyse den med skriftene sine. Dei store straumdraga i norsk historie blir kritisk gjennomreflekterte og analyserte i sakprosaen hans. Der var han aktivist og pådrivar i sjølve moderniseringsprosessen. Det gjeld på dei fleste område av samfunnsutvikling og tankeliv. Han var ein rasande motstandar av klasseskiljet i det aller meste av det han skreiv – sakprosa og skjønnlitteratur. Når vi i dag har relativt liten fråstand mellom samfunnsklassene samanlikna med mange andre land, står vi i skuld til han og dei mange andre diktarane i «det moderne gjennombrotet»; diktarane var opinionsdannarar med stor prestisje på den tida. På privatmoralens område var Garborg frilynt og nytenkjande for si tid: Han samlar ein serie viktige artiklar om dette i boka *Fri*

Kanskje står debattklimaet i vår generasjon i skuld til Garborg – når usemje er vegen til innsikt i staden for til fiendskap?



KUNSTNARHEIMEN: Labråten i Asker vart heimen til familien Garborg frå 1897. Dei hadde mykje besøk, og huset vart ein samlingsstad for kunstnarar og intellektuelle. Huset er no museum.

Foto: Olve Utne

skilsmissa i 1888. Sjølv sagt var han også mot arrangerte ekteskap – dét viser han svært tydeleg t. d. i *Hjå ho mor* frå 1890. Og endeleg var han eit vake «vindauge mot verda» innan litteratur, filosofi og teologi.

Ein motor i historia

Truleg har han i sakprosaen sin også vore med på å prege stiltonen i offentleg debatt: Avispolemikken var råare i generasjonane før Garborg. Wergeland og Welhaven og deira samtidige var sintare – i avisspaltene – på kvarandre. Garborg var svært ofte ironisk, og ironien kunne nok svi; men det var ein smilande ironi, som provoserte til motargument snarare enn til skjellsord. Ein ser dette generasjonsskiljet i språkdiskusjonane mellom Garborg og Bjørnson på 1900-talet; Bjørnson heng framleis att i den eldre generasjonens retorikk. Kanskje står debattklimaet i vår generasjon i skuld til Garborg – når usemje er vegen til innsikt i staden for til fiendskap?

Men det var ikkje bare i sakprosaen sin at Garborg var aktivist og pådrivar i moderniseringsprosessen. For som kjent rådde Garborg over alle skrivesjangrar. I tillegg til sakprosaen kom romanar og noveller, skodespel og dikt. Og der blei dei ulike fasane i dei historiske endringane «kjenslemessig utprøvd» i fiktive «livssituasjonar». Også desse bøkene var innlegg i samfunnsdebatten – og såleis med som motor i historia. Men på eitt område loddar dei djupare enn sakprosaen – fordi skjønnlitteraturen hjelper oss til å

forstå korleis det kjendest – å vere Fanny Holmsen i *Hjå ho mor* – eller Veslemøy i *Haugtussa* – eller Enok Hove i *Fred*. – Av Per Petterson og Dag Solstad lærer vi å setje ord på aspekt ved vår eiga og grannen si livsoppleving; og med slik hjelp blir vi medvitne på ein ny måte. Vi kjenner nok att oss sjølve i dei fiktive «personane» til Falkberget og Duun og Garborg også, men i tillegg lærer vi om kvar vi kjem frå; dei fortel oss korleis generasjonane før oss opplevde røyndommen sin. Så her får sjølv sagt Garborg hjelpe av mange andre diktarar. Saman har dei klassiske diktarane vore med og stimulert ei innlevingsevne som går på tvers av sosiale og kulturelle grenser. Og sjølv trur eg at raseriet i tendensdiktinga frå 1880-talet og framover har vore med på å drive fram den moderne velferdsstaten. Denne kompetansen for empati på tvers av kulturelle grenser lever vidare som usynlege understraumar i vår tids Norge. Kanskje står også norsk diplomati i skuld til denne arven frå den klassiske litteraturen?

Arne Garborg og dei andre gullalderdiktarane er borte. Likevel lever dei altså vidare gjennom resultata av arbeidet sitt. Men spora bakover mot dei som faktisk var med og skauv på historia, er blitt utelege. Framleis har skolen ei utfordring i å hjelpe ungdommen til å følgje desse spora.

GUDLEIV BØ

Gudleiv Bø er professor emeritus i nordisk litteratur ved Universitetet i Oslo.

Dei nye lærebøkene i norskfaget ignorerer sentrale mål i Kunnskapsløftet. Det går utover **opplæringa i nynorsk**, skriv Espen Tørset, lektor og leiar i Trønderlaget.

Lærebøker svekker nynorsken

MED NYE LÆREPLANAR følgjer nye lærebøker, og denne våren skal mange skolar velje den læreboka som vi trur er den beste for elevane våre.

Ja, dei nye lærebøkene for norskfaget ser ved første gjennomlesing fine ut. *Intertekst* frå Fagbokforlaget, *Grip Teksten* frå Aschehoug, *Appell* frå Gyldendal,



Espen Tørset

Foto: NTNU

NT INNTEGG

Moment frå Cappelen Damm. Bøkene har ulike innfallsvinklar, men er ordentlege på alle vis. Nokre kapittel er på nynorsk og nokre på bokmål. Eit lite tekstuval på svensk og dansk er i tråd med LK20. Hurra for det.

Dessverre blir det som er bra med lærebøkene, overskygga av ei stor synd: Tekstuvalet på nynorsk er for dårleg. Ja, nynorsktekstar er nesten fråverande i enkelte av verka. Spesielt gjeld det sakprosatekstar. Det står i kontrast til dei fagre orda i læreplanen om at elevane i løpet av 13 års utdanning skal møte eit rikt utval av tekstar på bokmål og nynorsk.

I kompetansemåla i den nye læreplanen i norsk på småtrinna på skolen les vi fine ord om korleis elevane våre skal bli kjende med skriftkulturen i både bokmål og

nynorsk. Dette er ein raud tråd gjennom heile utdanningsløpet. Eit av måla for norskopplæringa i sisteåret på studieførebuande fag er at elevane skal «analysere og tolke romaner, noveller, drama, lyrikk og sakprosa på bokmål og nynorsk fra 1850 til i dag og reflektere over tekstene i lys av den kulturhistoriske konteksten og egen samtid». Da er det rart at elevane møter tekstsamlingar der det nesten ikkje finst tekstar på nynorsk. Et døme er Gyldendal og *Appell*:

– *Appell*, Vg1 SF: av 48 skjønnlitterære samtidtekstar er 6 på nynorsk, av 21 sakprosatekstar er 1 tekst på nynorsk. Legg vi saman dette, er 7 av 69 tekstar på nynorsk!

– *Appell*, Vg2 og Vg3: av 41 tekstar frå 1850 til 2000 er 11 på nynorsk, og av 29 samtidtekstar er 5 tekstar på nynorsk. Til saman er 16 av 70 tekstar på nynorsk.

Korleis kan *Appell* med denne tekstsamlinga vere til hjelpe for norsklæraren og elevane når dei



skal analysere og tolke tekstar på nynorsk? Jo visst er vi lærarar flinke til å bruke andre kjelder når vi skal finne gode tekstar, men da er jo noko av poenget med å bruke mykje pengar på ei ny lærebok borte. Dette er svakt, Gyldendal!

Ein annan merkeleg og trist observasjon i *Appell* er den språkdiskrimineringa enkelte forfattarar blir møtt med. Introduksjonen til forfattarar som Tarjei Vesaas, Aasmund Olavsson Vinje og Olav H. Hauge står på bokmål: «Han var en av de første forfatterne som tok i bruk Ivar Aasens landsmål, både i journalistikken og i diktingen sin». Det same er oppgåvane til tekstane deira: «Hvordan kan disse tingdiktene handle om noe menneskelig?» Kanskje ikkje eit større poeng i seg sjølv, men det er eit pussig

Svar frå Gyldendal

DET ER BRA at nye lærebøker vekkjer merksemd og blir kritisiert, dei har ein viktig funksjon i opplæringa og bør vere gjenstand for debatt. Vi set pris på å høyre at Tørset meiner alle dei fire nye læreverka for norsk ser fine og ordentlege ut, og vi merkar oss innspela hans om balansen mellom nynorsk og bokmål i tekstanalogiane.

Det er mange omsyn å ta når ein skal setje saman ein tekstanalogi. Eit hovudprinsipp for forfattarane bak *Appell* har vore at vi skal velje tekstar som fungerer godt i klasserommet. Vi har ønskt å tilby både kjende og ukjende tekstar av god kvalitet og med ulik kompleksitet og vanskegrad som skal famne heile den samansette målgruppa. Representasjon av

kjønn og tematikk frå tverrfaglege emne er eksempel på andre viktige kriterium. I tillegg kjem balanse mellom ulike sjangrar og variantar av sjangrar. Når det gjeld sakprosatekstane har det vore viktig å finne teksteempel som kan stå seg over tid, noko som er krevjande fordi sakprosa som regel handlar om dagsaktuelle tema. Det har sjølv sagt også vore eit mål

at det skal vere ein balanse mellom tekstar på bokmål og nynorsk, og her arbeider vi framleis med forbetringar og utvikling. Digitale tilleggsressursar til bøkene er heilt sentrale i moderne læreverk, og i Gyldendals nye digitale læringsmiljø, Skolestudio, utvidar vi stadig med fleire tekstar på nynorsk, og fleire vil kome til etter kvart. I Skolestudio vil vi også kunne



grep så lenge bokmålsforfattarane konsekvent blir introduserte på bokmål.

Ser vi i dei andre lærebøkene som er aktuelle for dei studie-førebuande programområda, er teikninga den same, med eit noko positivt unnatak i Fagbokforlaget og *Intertekst*. Det er greitt at bokmålstekstane er i majoritet, men treng dominansen å vere så total? Det er spesielt svakt at utvalet av sakprosatekstar på nynorsk nesten er fråverande. Her er det så mykje bra å velje i. Det er berre å ta ein titt i til dømes *Dag og Tid*, *Klassekampen* eller *Nasjonen*, og du skjønner kva eg meiner. Snakk om latkskap.

ESPEN TØRSET
lektor og leiar i Trønderlaget

tilby dynamisk innhald med meir dagsaktuelle sakprosatekstar fordi det digitale er enklare å revidere enn ei bok. Om lærarane (og Tørset inkludert) har tips til gode tekstar på nynorsk som dei ønsker sjå i didaktiske undervisningsopplegg, er det berre å melde frå til oss.

MAGNHILD GLENDE
norskkredaktør for Appell

Kronprinsessa blir beskyttar for Nynorsk kultursentrum

Kronprinsesse Mette-Marit har sagt seg villig til å vere beskyttar for stiftinga Nynorsk kultursentrum.

- VI ER SVÆRT GLADE for at kronprinsessa viser denne interessa for stiftinga gjennom beskyttarskapen sin. Det er ærefullt at kongefamilien vil heidre nynorsk skriftkultur på denne måten, seier styreleiar Lodve Solholm i Nynorsk kultursentrum, i ei pressemelding.

Ordningsa med kongeleg beskyttarskap fungerer som ei anerkjenning av organisasjonar og arrangement innanfor viktige område av samfunnslivet.

– Kronprinsessa er eit førebilete med si genuine interesse for litteratur, og anerkjenninga hennar er ein stor inspirasjon for oss, seier administrasjonsjef Gaute Øvereng i Nynorsk kultursentrum.



ROJAL BE-SKYTTAR:
Den nye
beskyttaren
av Nynorsk
kultursen-trum er svært
litteraturin-teressert.

Foto: Jørgen Gommæs / Det kongelege hoffet



GLADE: Dei profilerte nyheitsankera i TV2 Siri Kleiven Strøm og Arill Riise fekk utdelt prisen i Bergen i mai.

Foto: Magni Øvrebotten / NRK

Siri Kleiven Strøm og Arill Riise får nynorskprisen for journalistar

Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar går i år til nyheitsankera Siri Kleiven Strøm og Arill Riise i TV 2.

DEI SVÆRT TAKKSAME prisvinnarane Siri Kleiven Strøm og Arill Riise fekk prisen i lokala til TV 2 i slutten av mai.

– Jobbar hardt med språk

– Tusen, tusen takk for ein så høghengande pris. Det er enormt stort, for eg jobbar jo

hardt med språk, og nynorsk er så sterkt knytt til identiteten min. Eg kjenner at eg nesten er på gråten, sa Siri Kleiven Strøm til juryen, som bestod av Solveig Barstad, Inger Johanne Sæterbakk og Øystein Vangsnes.

– Eg blir nesten litt på gråten, eg også. Eg er glad for at TV 2 får denne prisen no, det er jo vi som har det munnlege tale-målet og flest nyhendeanker som brukar nynorsk. Eg kjener at eg blir fantastisk stolt. Det er ei ære, sa Arill Riise.

Oppmuntrar til bruk av begge målformer

Årets pristildeling er ei anerkjenning av det viktige arbeidet prisvinnarane gjer, og det er også ei påminning til TV 2 om å vere medvitne den viktige rolla dei som allmennkringkastar spelar i den norske tospråksstoda, heiter det i grunngjevinga frå juryen.

– Dette er ikkje minst ei påminning til TV 2 om at vi må halde i hevd og oppmunstre til bruk av begge målformene, sa TV 2-sjef Olav Sandnes under utdelinga.

Nynorsk litteraturpris til Tore Renberg

Tore Renberg får Nynorsk litteraturpris 2020 for romanen *Tollak til Ingeborg*.

- DET HAR vore forløysande for meg å vera ein tospråkleg forfattar. Utan nynorsk hadde truleg ikkje *Tollak til Ingeborg* blitt til, sa prisvinnaren under utdelinga på Garborgsenteret på Bryne 1. juni.

Nynorsk litteraturpris er på 30.000 kroner, og han har vorte delt ut sidan 1982 av Noregs Mållag, Det Norske Teatret og Samlaget. Det er første gong Tore Renberg, som har skrive dei fleste av romanane sine på bokmål, får prisen.

Juryen skriv mellom anna dette i grunngjevinga:

– Nynorsk litteraturpris 2020 går til ein forfattar som sidan debuten i 1995 har vore høgt og breitt til stades i norsk litteratur. Forfattaren har skrive bøker for vaksne og unge, han har skrive tekstar for teater og han fyller på meir enn berre eitt vis rolla som ein folkekjær forfattar. Gjennom eigne bøker og filmatisa-



Foto: Ingeborg Skrudland

ringar har han nådd ut til eit stort publikum, men han har heller ikkje vore redd for å vise fram sin eigen kjærleik til litteraturen. «Eg berre elskar litteratur», sa han på riksdekkjande fjernsyn på 1990-talet, og det på eit vis som fekk oss til å tru på han. Dette er ein kjærleik som ikkje har rusta, og som fram til i dag har blitt stadfesta gjennom forfattarenes evne til å finne nye litterære skoddeplassar og nye språklege uttrykk, både på bokmål og på nynorsk.

Juryen har vore Heming Helland Gujord, Carl Morten Amundsen og Marta Norheim.



GLAD KLASSE: 10. klasse ved Måndalen skule fekk 7000 kr for å ha laga filmar med nynorsk som tema.

Foto: Øyvind Fenne

«Kjærleik er best på nynorsk» ved Måndalen skule

Fylkesmållaga i Møre og Romsdal jobbar for å få ned målbytet i fylket og inviterte til **filmtevling**.

10. KLASSEN VED Måndalen skule har laga fem korte videoar om «å halde på nynorsken». – Fylkesmållaga i Møre og Romsdal gjekk i fjar haust ut med ei filmtevling for 10. klasse ved eit utval ungdomsskulor. Av ymse grunnar vart det berre Måndalen skule i Rauma kommune som heiv seg på og såleis vart ein pilotskule i koronaåret.

Bakgrunnen er eit samarbeid mellom Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre Mållag om prosjektet: «Hald på språket ditt!», og som fylkeskommunen har ytt tilskot til. Siktet er å få ned målbytet/språkskiftet ved dei vidaregåande skulane i fylket. Det er særleg

stort ved byskulane i Molde og Ålesund. Det er godt dokumentert. Til dette trengst det mange tiltak, men ei tematisering av det på ungdomsskulane kan vere til god hjelp og skape eit medvit som elevane tek med seg i overgangen til vidaregåande. Det er freistande å snakke om vaksinering mot byte til bokmål!

Det var strålende fornøgde elevar og lærarar som tok mot prisen på 7000 kr og feira med kakefeiring, brus og konfetti. Videoane med titlane «Dialekt=røter», «Kjærleik er best på nynorsk», «Nynorsk – det naturlege valet», «Nynorskens skog» og «Gjer rett val» vart viste i klasserommet. Elevane har utan tvil lært mykje både om språk og videoproduksjon. Fylkesmållaga vurderer å halde fram med prosjektet og få med fleire skular.

ØYVIND FENNE

Nynorsk ei ny oppl

Utvalsframlegg til ny opplæringslov betrar ikkje situasjonen for nynorskelevane, skriv **Nynorskcenteret**. Dei meiner regjeringa må syta for ei lov som er tilpassa den digitaliserte skulekvarden.

I DESEMBER 2019 kom opplæringslovet, leidd av Jon Christian Fløyvik Nordrum, med eit utkast til ny opplæringslov. Det utkastet ville vore eit godt høve til å retta opp i mange av dei problema nynorskelevane møter, men derimot ikkje utvalet teke dei naudsynte grepene i framleggset sitt. Det vert difor viktig å arbeida for at den endelige lova skal vera betre for nynorskelevane enn det utkastet er.

Kontorstøtteprogram og læringsplattformer

Kontorstøtteprogram og læringsplattformer er etter kvart dei viktigaste arbeidsverktøya til elevane, og det bør vera eit klårt krav om at slike verktøy må vera på hovudmålet til elevane. Nordrum-utvalet står derimot ikkje eit slikt krav, og skriv mellom anna: «Utvælget er ikke kjent med hvilke konsekvenser et slikt krav vil kunne få, men antar at dette vil kunne innebære en del praktiske utfordringer der kommunen ønsker å bruke mest mulig like kontorstøtteprogrammer i hele virksomheten.»

Utvælget snur her prosessen på hovudet. Dersom målet er å få nynorske skriveprogram og operativsystem, vil det å ynskja seg like program i heile kommunen eller fylkeskommunen vera til hjelp med å få på plass nynorskutgåver, av di ein då snakkar om større innkjøp og dermed større økonomisk makt bak språkkrav til leverandøren. Og me kan ikkje la vera å stilla lovkrav berre av di utvalet av nynorske program i dag ikkje er so stort som me skulle ynskt.

Eit krav om at kontorstøtteprogram som Word må koma på nynorsk, har faktisk vore inne i opplæringslova før, frå 2006 til 2010. Det var ikkje av di det då fanst mange slike program på nynorsk, at det kravet kom inn i lova, men derimot motsett. Før det vart klårt at dette nynorskkravet kom til å koma inn i lova, gjekk Microsoft ved fleire høve ut og sa at det var uaktuelt med nynorske utgåver av Word, Excel og Windows. Det ville vera altfor dyrt å utvikla det, sa dei. Men takk vere stort press frå



Foto: Tone Solhaug /
Høgskulen i Volda

nynorskorganisasjonane, kom kravet om nynorske kontorstøtteprogram inn i forskrifter til lova, og plutseleg hadde Microsoft råd til å koma med nynorskutgåver likevel. At me i dag kan ha Teams, Windows, PowerPoint, Word og Excel på nynorsk, er eit direkte resultat av kravet som stod i forskrifter til opplæringslova. Det viser kor viktig opplæringslova er i dette spørsmålet.

Læremiddel i norskfaget

Eit – vonleg utilsikta – problem med framlegg til ny opplæringslov er at retten til læremiddel på hovudmålet er heilt fjerna frå norskfaget. Formuleringen «I norskopplæringa skal elev-

evane treng æringsslov



ETTERLYSER STYRING:

Nynorsksenteret etterlyser sterke offentleg styring for å få bukt med mangelen på digitale læremidler på nynorsk.

Foto: avisa Møre

ane ha lærebøker på hovudmålet» er teken bort, og det same er formuleringa «Lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på begge målformer slik at elevane lærer å lese både bokmål og nynorsk». Det einaste som står att, er at retten til nynorske parallellutgåver ikkje gjeld i norskfaget. Det er høgst problematisk. Intensjonen bak å ikkje ha med norskfaget i den generelle parallellutgåveretten er å opna for innslag av sidemål, slik læreplanen legg opp til, men ved å fjerna alle krava, slik utvallet gjer, opnar ein i praksis for bokmålslæremiddel i norskfaget for nynorskelevar frå fyrste dag i barneskulen.

Den eksisterande lova er heller ikkje god nok på dette punktet. Formuleringsane er altfor vase, og ei fersk masteroppgåve av Liv Astrid Skåre Langnes ved Nynorsksenteret viser tydeleg resultatet av det ulne kravet om

«nok tilfang på begge målformer». Granskinga hennar syner at eit stort fleirtal av tekstane i lesebøkene til nynorskelevane i ungdomsskulen er på bokmål. Det gjev nynorskelevane eit dårleg utgangspunkt for å læra hovudmålet sitt godt.

Ei løysing på problemet kan vera å få inn ei setning i opprøringslova som tydeleggjer at det er læremiddel på hovudmålet som skal vera hovudregelen i norskfaget, og at alle unntak frå den hovudregelen skal vera grunngjevne i læreplanmål. Til dømes «I norskfaget skal elevane ha læremiddel på hovudmålet, men med nok tekstar på sidemålet til å oppnå kompetanse i læreplanen». Slik sikrar ein både retten til læremiddel på hovudmålet i norskfaget og at det skal vera nok tilfang på sidemålet etter kvart som elevane vert eldre.

Andre krav

I tillegg til dei punkta eg alt har vore innom, er det ein del andre endringar som bør gjerast i opprøringslova. For det første må læremiddeldefinisjonen verta tydelegare, slik at det ikkje er tvil om kva som er inkludert i kravet om nynorske parallellutgåver og ikkje. Det bør òg inn eit krav om at elevane skal ha rett på språkrådgodkjende stavekontrollar på både nynorsk og bokmål. Og so må nokon få eit ansvar for å fylgja opp om skuleigarane gjev nynorskelevane det dei har krav på. I dag er det nesten fritt fram for kommunane til sjølve å tolka om tilbodet dei gjev elevane, fylgjer lova eller ikkje. Foreldre og elevar som er misnøgde, veit heller ikkje kven dei kan klaga til. Her bør nokon, til dømes Språkrådet eller Statsforvaltaren, få eit overordna ansvar.

ARILD TORVUND OLSEN
Nynorsksenteret



INGER JOHANNE RUSET
leiar i Kringkastingsringen

Dialektproblemet

«VIL DU SNAKKE nynorsk eller dialekt?», spurte rettleiaren min. Eg var på opplæring til å halde min første bulleteng – desse tre konsise minuttia med radio-nyheiter som slår inn kvar heile klokke-time. Så langt i NRK-vikariatet hadde eg laga nokre radioreportasjar, og tidvis vore innom på direktesendingar. Alt på dialekt, berre med rolegare og tydelegare stemme enn eg vanlegvis snakkar med. Min første tanke var derfor at sunnmørsdialekta mi vil vere det naturlege valet også for bulletengar. Eg gjorde nokre testar med opplesing av manuset, men det sat liksom ikkje. Med knapp tid og ofte alvorstunge nyheiter, opplevde eg det som tryggare å lese manuset ordrett på nynorsk. Det var også noko med det å skulle vere ei anonym stemme – å gå inn i tradisjonen av trygge, nynorske bulletengstemmer gjennom mange tiår.

ANDRE VALDE Å gå fullt ut for dialekt som radiospråk. Ein skulle tru det i utgangspunktet var problemfritt, siden NRK hadde opna for dialektbruk. Det skulle likevel vise seg at sjølv om dialektar offisielt var ønskte velkomne, var ikkje alle NRK-folk like komfortable med at nykomlingar skulle snakke dialekt – og i allfall ikkje brei dialekt.


EIN PRAKTIKANT I P3 vart eit av offera for denne misnøya. Kort tid etter hennar første nyhetsraportasje tikka det inn sine tilbakemeldingar frå andre i NRK-systemet. For dei var det uhøyrt at ho brukte o-endingane som så naturleg følgjer sunnhordalanddialekta hennar. Kritikarane hevda dialekta ville vere for vanskeleg for folk å forstå nasjonalt, og at ho burde moderere seg til a-endingar i staden for. Det blei ein intern diskusjon, som landa på at ho til sist fekk stå trygt i o-endingane sine.

DEN SISTE TIDA har debatten om dialektbruk i kringkastinga rasa igjen. Formann i Riksmålsforbundet, Trond Vernegg, meiner dialektbruk er «å sette den enkeltes ego-tripp foran hensynet til seere og lyttere» (Medier24, 3. juni 2021). Påstanden om journalistisk egotripping er eg heller skeptisk til. Men Vernegg peikar på eit anna viktig poeng, nemleg at enkelte ord og vendingar i ei dialekt kan vere vanskelege å forstå for til dømes innvandrarar. Samtidig så trur eg det er viktig at også denne målgruppa vert eksponert for dei språklege variasjonane som dei uansett vil møte i daglelivet i det dialektglade Noreg. Då er kanskje stemmene til logo-pedtrente journalistar ein god plass å starte.

Han hugsar det som om det var i går, den dagen han bestemte seg for å skriva neste roman på nynorsk.

– Det har gjort meg rikare å vera ein tospråkleg forfattar, seier **Tore Renberg**.

Det dristige valet



DEI SOM HAR lyst til å plassera multitalentet Tore Renberg i ein kulturell bås, kjem til å få store vanskar. Éi forteljing er at han er ein av alle dei unge folka frå Stavanger og omland som gjorde det stort på 90-talet og framover. Pia Tjelta, Kristoffer Joner, Kaizers Orchestra. Renberg har samarbeidd med dei alle saman, både som musikar, skodespelar og forfattar. Med romanane om Jarle Klepp og filmatiseringa av dei tidleg på 2000-talet vart Tore Renberg ein kommersiell suksess og eit namn heile Noreg kjende.

Men historia om den populærkulturelle Renberg er berre éi av forteljingane. Forfattaren har aldri nølt med å uttrykkja stor beundring og kjærleik til den klassiske litteraturen, som han oppdaga tidleg. Han har studert filosofi og litteraturvitenskap, og særmerket på vidaregåande handla om forfattarskapen til Tarjei Vesaas. Høveleg nok fekk han òg Tarjei Vesaas' debutantpris i 1993. «Man kan ane den store realismens forbilder i bakgrunnen, både Stavangers egen klassiker Alexander Kielland (1849–1906) og noe av humoren og karaktertegningen til Charles Dickens (1812–1870)», står det i omtalen av forfattarskapen hans i Store Norske Leksikon.

Sjølv har Renberg slett ikkje noko problem med å vera både låg- og høgkulturell.

– Nei, eg skil ikkje på det høge og låge. Eg

har spela fiolin, har mellomfag på Marcel Proust og vore med i masse rockeband. Eg må høyra på både Nitimen og Dagsnytt 18 kvar dag, og eg liker både Hellbillies og Marcel Proust. Den sannaste forteljinga om meg og virket mitt er rett og slett at det er variert. Såleis er det kanskje ikkje så overraskande at eg byrja å skriva på nynorsk, heller.

Vegen til ein tospråkleg forfattar

Han hugsar det som om det var i går, den morgonen i august 2014 då han bestemte seg for å bli ein tospråkleg forfattar.

– Eg var ikkje nøgd med det eg skreiv på då. Eg hadde prøvt forskjellige strategiar for å få det til å bli godt, utan å skjøna kvar det butta. Men akkurat den morgonen då eg vakna, slo det plutsleig ned i meg: Det er nynorsk som er svaret. Eg vart nesten litt elektrisk av heile tanken, for han var så overraskande og djerv. Men eg kasta dei 30–40 sidene eg hadde skrive, og byrja på nytt.

Resultatet av arbeidet vart *Du er så lys*, som fekk gode mottakingar. Dei neste to kom på bokmål, men i 2020 følgde han opp med ein ny roman på nynorsk, *Tollak til Ingeborg*, som fekk strålande meldingar og både den prestisjetunge Bokhandlarprisen og Nynorsk litteraturpris. Renberg fortel at forlaget hans, Oktober, ikkje vart

like overraska som han sjølv over at han ville bli ein tospråkleg forfattar.

– Responsen var utelukkande positiv, og dei sa berre at dei gledde seg til å lesa. Så den norske bokbransjen er ein skikkeleg stad og ein skikkeleg bokheim.

Siddisen og bokmålsbrukaren Tore Renberg var ikkje redd for at språkkunnskapane skulle bli ei hindring for å skriva nynorsk.

– Eg har generelt god sjølvtiltillit på det som har med språk å gjera. Difor var eg ikkje så redd for feil, for dei kan ein alltid retta opp seinare. Eg hadde jo ikkje skrive nynorsk på minst 25 år og hadde nok ein del. Eg var derimot litt uroleg for flyten, for som forfattar er eg avhengig av å ha språket med meg utan å bruka så veldig mykje tid på å stussa i det. Men det flaut utruleg godt frå fyrste stund.

Stor Vesaas-beundrar

Trass i at Stavanger ligg svært tett på område med nynorsktradisjon, er det alt anna enn nærliggjande for ein siddis å skriva på nynorsk, meiner Renberg.

– Eg er oppvachsen i ein nynorskforaktande by. For generasjonen til mi mormor vart nynorsk sett på som ein pest og ei plage. Då eg var liten, var det éin nynorskklasse i Stavanger. Og der gjekk ungane til galningar og kommunistar, for å setja det litt på spissen.



KUNSTNARLEG VAL: – Å byrja å skriva på nynorsk var eit reint kunstnarleg val, fortel Tore Renberg. Han meiner likevel det har gått litt politikk i det etterkvart. – Du merkar jo at du er ute og rører i nokre fordommar.

Foto: Ingeborg Skrudland

Renberg innrømmer at han var uroleg for kva det ville ha å seia for den kommersielle suksessen å skriva på nynorsk.

– Eg var spent på marknadssida ved det, for det heftar ei førestilling ved nynorsken om at han er kommersielt problematisk. Det blir sagt at du sel mindre og får mindre merksemd og færre meldingar. Men det viste seg å ikkje bli noko problem. Snarare tvert om, for det å skriva på nynorsk har gjeve meg fleire mogelegheiter, ikkje færre. Det har nok òg utvikla oppfatninga av kven Tore Renberg er, for det jo er eit ganske dristig val. Så eg liker i grunnen alt ved dette.

Ein kan sjølvsgåt ikkje sjå bort ifrå at forfattarskapen var veletablert, meiner Renberg.

– Eg vil ikkje vera naiv, så det må ein jo tru at hjelpte. Men samstundes handlar mykje av dei oppfatningane som er knytte til nynorsken, meir om førestillingar og fordommar og mindre om realitetar anno 2021.

Trass negative nynorskassosiasjonar i barna domen har Tore Renberg lenge hatt litterære førebilete som skriv på nynorsk.

– I familien min var det stor respekt for den nynorske litteraturen, og eg har alltid vore ein stor Vesaas-beundrar. Han har vore ein inspirasjon både til at eg vart forfattar og til at eg byrja å skriva på nynorsk. Vesaas var korkje redd for

I familien min var det stor respekt for den nynorske litteraturen, og eg har alltid vore ein stor Vesaas-beundrar. Han har vore ein inspirasjon både til at eg vart forfattar og til at eg byrja å skriva på nynorsk.

å sløyfa komma eller preposisjonar, hadde ein heil utruleg metaforikk, og verka er rett og slett superlitterære. Det appellerer heilt intenst til meg.

Renberg fortel at det å byrja å skriva på nynorsk var eit reint kunstnarleg val. Men han meiner likevel det har gått litt politikk i det etterkvart.

– Du oppdagar jo at du er ute og rører i nokre fordommar. Eg, som kjem frå Stavanger, synest tanken om å skriva på nynorsk, var dristig. Det seier jo litt.

Tospråklegheita har utvida forfattarskapen, seier Tore Renberg.

– Eg har nokre indre diskusjonar med meg sjølv om kva språk neste bok skal vera på. Eg har skrive tre romanar om Hillevågsgjengen på bokmål, og eg skiftar sjølvsgåt ikkje mål midt i ein serie. Men elles blir det eit tema for kvar ny bok. Nokre av romanane mine synest eg høver best på bokmål, medan andre like gjerne kunne vore på nynorsk. Eg trur korkje *Du er så lys* eller *Tollak til Ingeborg* hadde blitt til utan at eg hadde byrja å skriva nynorsk. Så eg var litt uroleg då eg byrja med dette, men eg synest berre det har vore ein rikdom.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

Mellom 7. april og 7. juni fekk Noregs Mållag 339 501 kroner i gåve. Det er me umåteleg takksame for. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikre nynorsken betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vips eit valfritt beløp til 90540. Du kan også sende IVAR50, IVAR100, IVAR300 eller IVAR500 i ei tekstmelding til tlf. 2490. **Tusen takk!**

AUST-AGDER MÅLLAG

Aust-Agder Mållag
Torfinn Brokke
Kristine Foss
Ingunn Gjømle
Johannes Havstad
Olav Hoftuft
Knut K. Homme
Gerd Fosse Hovden
Oddgeir Jensen
John Gustav Johansen
Ragnar Kaasa
Jorunn Lande
Jon Kolbjørn Lindset
Målfrid Mejlænder-Larsen
Ragnhild Olavsdotter
Rune Nylund
Sigrid Bjørg Ramse
Olav Riisland
Kari Gerd Riisland
Vidar Toreid
Johannes G. Torstveit
Helge Ove Tveiten
